s702

# Fletta korg

Eg har laga ei fletta korg på sløyd. Eg har vald å gi denne korga til deg. Dette er korleis eg lagde korga.

Dette treng eg:

Ei kryssfinér plate.

Peddik (2 ulike størrelsar).

Avklypparktang.

Sandpapir og fil.

Trelim.

Bor og syl.

Fat.

Drillbor.

Bøtte/balje med lunka vatn.

Blyant, viskelær og linjal.

s702

1. Eg starta med å teikne ein sirkel på kryssfinér plata. Sirkelen skulle vere så stor som korga skulle bli, pluss ei cm på kanten.

2. Etter eg teikna sirkelen, skulle eg skjere ut forma ved hjelp av sag.

3. Eg brukte fila til å file kantane til sirkelen, slik at dei blei runde og fine.

4. Eg teikna prikkar der hola skulle vere. NB! Hola måtte vere minst ein cm frå kanten, og det måtte vere oddetal med hol. Dersom det var partal med hol, blei det feil då eg skulle flette.

s702

5. Eg brukte drillboren til å lage hol. Det var lurt å prøve på ei anna plate før eg bora hola, slik at det blei rett størrelse då eg skulle ha den tjukkaste peddiken nedi hola.

6. Eg brukte avklyppattang til å dele opp bitar av peddiken (den tjukkaste str). Bitane måtte vere nokre cm lengre enn korga si høgde.

7 Eg tok trelim på eit fat. Deretter tok eg lim på den eine enden av peddiken og stakk han nedi holet. Eg held fram til alle hola var fylte og lot limet tørke.

8. Så var det tid for å starte å flette. Men først måtte eg leggje peddiken oppi ei bøtte med lunka vatn. Då blei peddiken våt og lettare å flette med.

s702

9. Då eg skulle flette, starta eg med å tre peddiken inn og ut mellom dei tjukke peddikane. Det skulle sjå slik ut:



Eg fortsatte til eg var ferdig og hadde nådd den høgda eg ville ha.

10. Når eg var ferdig med flettinga, hadde eg to muligheiter. Eg kunne klippe av på toppen av peddikane slik at det blei sånn:



s702

Eller kunne eg bøye toppane slik at det blei sånn:



Då var det viktig at endane var våte. Eg bøygde endane og satte dei ned i flettinga som var på sida. Slik at det hang fast.

Slik lagde eg korga mi. Eg håpar dykk tek godt vare på ho! Det var mykje arbeid.